



2016

HEMSEDAL KOMMUNE



Økonomireglement

2016- 2019

Vedteke

29.9.2016

1 Innholdsfortegnelse



2	MÅL.....	3
3	ORGANISERING.....	3
4	ØKONOMIPLAN.....	4
4.1	Tidsplan for framlegg av økonomiplan og budsjett.....	4
4.2	Økonomiplan og budsjett – mal og innhold	4
5	ÅRSBUDSJETT.....	5
5.1	Beskriving.....	5
5.2	Investeringsbudsjett	5
6	ÅRSRAPPORT OG REKNESKAP.....	5
6.1	Posteringar i rekneskapet.....	5
6.2	Rapportar for drifts- og investeringsrekneskapet	5
6.3	Budsjettrevisjon.....	5
6.4	Årsoppgjeret og årsrekneskapsrapport.....	5
7	BUDSJETTENDRINGAR I LØPET AV ÅRET	6
7.1	AVSETNAD TIL FOND OG BRUK AV FOND (Ubunde investeringsfond/disposisjonsfond)	6
8	INVESTERINGAR.....	6
8.1	Planlegging og igangsetting av investeringsprosjekt.....	6
8.2	Omprioritering/ tilleggsløyvingar	6
8.3	Avslutning av investeringsprosjekt.....	6
8.3.1	Prosjektrekneskap – avslutning	6
8.3.2	Sluttrapportering til kommunestyret	7
8.3.3	Omprioritering/ tilleggsløyvingar	7
9	VEDLEGG – FORKLARING, ORD OG UTRYKK	7

2 MÅL

Økonomireglementet skal beskrive hovudreglane for økonomiske styring av kommunen si verksemd. Det skal klargjera politisk og administrativt ansvar for økonomi og rekneskap, herunder dei rettar og plikter som gjeld bruken av budsjett, endringar i budsjett, oppfølging av budsjett og delegasjon av mynde. Økonomireglementet skal vedtakast av kommunestyret.

3 ORGANISERING

Hemsedal kommune er organisert slik:



4 ØKONOMIPLAN

Kommunen sitt plansystem består av kommuneplan, kommunedelplaner, økonomiplan med årsbudsjett og tilhørende rapportering i årsrapport og periodisk rapportering jf. pkt. 5.2.

Økonomiplanen skal med utgangspunkt i dagens økonomiske situasjon og realistiske anslag på framtidige inntekter og utgifter vera eit reiskap for kommunen til:

- få oversyn over økonomisk handlefridom
- foreta prioriteringar av ressursbruk på ulike føremål innafor kommunelova sine krav til økonomisk balanse.

Økonomiplan og årsbudsjett vert lagt fram for kommunestyret av formannskapet, jfr kommuneloven.

4.1 Tidsplan for framlegg av økonomiplan og budsjett

Kommunestyret vedtek revidert budsjett	Medio juni
Rundskriv frå rådmann til etatane etter føringar frå folkevalde	Ultimo juni
Rådmannens framlegg av budsjett og økonomiplan på politisk arbeidsdag	Medio oktober
Handsaming i hovudutval	Ultimo oktober
Framlegg frå formannskapet	Medio november
Handsaming i kommunestyret	Primo desember

4.2 Økonomiplan og budsjett – mal og innhald

Økonomiplan og årsbudsjett skal utarbeidast etter egen mal. Den skal byggje på vedtatt økonomiplan frå førre periode og justert for:

- Løns – og prisauke og endringar i finanskostnader
- Rammevilkår frå staten (skatt og rammetilskot)
- Tiltak / målsettingar fremja frå etatane
- Forventa resultat i planperioden
- Endringar i talet stillingar (nye / omgjeringar / reduksjonar)

Kommunestyret vedtek nettobudsjett på nettoramme nivå. Utgifter og inntekter knytt til mva vert ført på respektive ansvars- og tenestenivå, med verknad frå 2018. Budsjett for 2017 vert vedteke på bruttonivå.

Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet med oversyn over finanskostnader.

5 ÅRSBUDSJETT

5.1 Beskriving

Bruken av midlar i kommunen er fastlagt i budsjettet. Endringar innanfor vedteke budsjett kan utførast av den som har slik rett, ut frå det til ei kvar tid gjeldande reglement. Kommunestyret vedtek årsbudsjettet og økonomiplanen med nettorammer til etatane og stabsområdet. Rådmannen utarbeider detaljert budsjett innan kvar etat. Budsjettet skal settast opp i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande inndeling i artskontoplan, ansvarsområde og funksjonar.

5.2 Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet skal vedtakast på prosjektnivå og med samla oversikt over finanspostar for eit samla investeringsbudsjett.

Investeringsbudsjettet skal i tillegg innehalde ein kort beskriving av kvart enkelt investeringsprosjekt. Rådmannen kjem med framlegg til kva prosjekt som kan settast i gang utan ytterlegare politisk handsaming jf. pkt. 8.1.

6 ÅRSRAPPORT OG REKNESKAP

6.1 Posteringar i rekneskapet

Rekneskapet skal posterast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande inndeling i artskontoplan, ansvarsområde og funksjonar. Posteringar skal skje fortløpande og utan opphald for å sikre god budsjettkontroll i medhald av budsjettforskrift.

6.2 Rapportar for drifts- og investeringsrekneskapet

Rådmannen skal gje ei økonomisk status på kvart kommunestyremøte (skatteinngang/rammeoverføringar/ reelle avvik).

6.3 Budsjettrevisjon

Rådmannen utarbeider årleg ein økonomisk rapport som grunnlag for budsjettrevisjon . Dette skjer pr. 30. mai. Rapport og revidert budsjett skal leggast fram for politisk behandling seinast 1. juli.

Rapporten skal syne kommunen sine inntekter og utgifter i forhold til vedtatt budsjett, forklare vesentlege budsjettavvik samt korte vurderingar av andre relevante måldata.

6.4 Årsoppgjeret og årsrekneskapsrapport

Årsoppgjeret består av årsrekneskap og årsmelding. Desse skal utarbeidast i tråd med gjeldande lover og forskrifter i samsvar med vedteken budsjettform til fastsette/avtalte tidsfristar.

Rådmannen har fullmakt ved rekneskapsavslutninga til å disponere/ dekkje inn eventuelt overskot/ underskot i samla investeringsrekneskap, innafor vedteke ramme.

Handsaming av årsoppgjere skal følgje til ei kvar tid gjeldande regelverk. Revidert årsrekneskap med årsmelding skal sendast til politisk behandling innan 30.april.

7 BUDSJETTENDRINGAR I LØPET AV ÅRET

Rådmannen har fullmakt til å overføre beløp internt innan etatane.

Rådmannen er delegert mynde til å inngå bankavtaler. Rådmannen har også fullmakt til å inngå avtale om rentevilkår/rentebindingsperiode når vedtak om låneopptak ligg føre, samt val av långjevar.

7.1 AVSETNAD TIL FOND OG BRUK AV FOND (Ubunde investeringsfond/disposisjonsfond)

Avsetning og bruk av fondsmidlar skal budsjetterast på vanleg måte, jamfør budsjett- og rekneskapsforskriftene. Kommunestyret set av udisponerte ikkje øyremerka midlar til disposisjonsfond ved rekneskapsavslutninga i tråd med budsjett og rekneskapsforskriftene.

I investeringsbudsjettet er det berre kommunestyret som kan auke rammene ved bruk av fondsmidlar.

8 INVESTERINGAR

8.1 Planlegging og igangsetting av investeringsprosjekt

Framlegg til investeringar skal leggjast fram til handsaming som del av handlingsplan og økonomiplan jf. pkt. 4.2. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for vidare planlegging og igangsetting av eventuelt forprosjekt, der dette er tenleg. Kommunestyret skal årleg avgjere kva for prosjekt som krev eigne oppstartsvedtak ved handsaming av handlings- og økonomiplan for kommunen jf. pkt. 4.2.

Kommunestyret kan oppnemne prosjektgruppe for det einkilde prosjekt.

Alle investeringsutgifter skal førast i investeringsbudsjettet. Utgifter som skal førast i investeringsrekneskapet må ha økonomisk levetid på minst 3 år og vera på minimum kr 100.000,-.

Driftskostnader som ein konsekvens av investeringa skal synleggjerast og innarbeidast i driftsbudsjettet.

8.2 Omprioritering/ tilleggsløyvingar

Dersom det ved gjennomføring av prosjektet syner seg at investeringa blir større enn vedteke budsjett, skal kommunestyret få melding og ei forklaring om dette. Kommunestyret skal vedta omprioritering innan investeringsbudsjettet utan rullering av budsjettet/økonomiplanen.

8.3 Avslutning av investeringsprosjekt

8.3.1 Prosjektrekneskap – avslutning

Rekneskapsavslutning skal skje snarast mogleg etter at bygget/anlegget/prosjektet er ferdigstilt og overtatt av kommunen. Her skal og internt arbeid som administrasjonen har utført synleggjerast.

8.3.2 Sluttrapportering til kommunestyret

For prosjekt med krav om egne oppstartsvedtak, jfr. pkt. 8.1. skal det utarbeidast sluttrapport som vert lagt fram for kommunestyret.

8.3.3 Omprioritering/ tilleggsløyvingar

Kommunestyret vedtek omdisponering / inndekning.

9 VEDLEGG – FORKLARING, ORD OG UTRYKK

9.1.1 Netto/- bruttobudsjettering

Nettobudsjettering er mest vanleg. Det betyr at rådmannen får ein pengesum for kvar teneste. Hvis gebyrinntektane aukar i tenesten, kan rådmannen disponere dei. Hvis inntektane derimot uteblir, må rådmannen redusere utgiftane for å dekke tapet.

Bruttobudsjettering er ein mer detaljert styringsform. Rådmannen kan ikkje disponere uforutsette inntekter, men står heller ikkje ansvarleg for å spare inn beløpet når inntektene sviker.

9.1.2 Fond i budsjett og regnskap

I kommuneregnskapet er det to typer regnskapsmessige fond, ubundne og bundne fond. I tillegg klassifiserast fond for henholdsvis driftsregnskapet og investeringsregnskapet.

Ubundne fond i driftsregnskapet (disposisjonsfond) er fond som er bygget opp gjennom kommunenes frie inntekter eller andre inntekter hvor det i medhold av lov, tilsagn eller avtale ikkje er satt bindingar til bruken. Avsetning til denne type fond kan typisk skje ved at ei verksemd ikkje har anvendt alle budsjettmidlane eller har hatt større driftsinntekter enn budsjettet og ynskjer å halde av desse til ein seinare periode. Denne sparinga må skje gjennom avsetning til ubundne fond, eller disposisjonsfond. Kommunestyret kan fritt disponere desse fondene, både til drift og investeringar. Avsetningar til ubundne investeringsfond vil fyrst og fremst komme frå inntekter ved sal av fast eigendom, mottatte avdrag på utlån av egne midlar, samt inntekter fra aksjer og sal av andelar. Denne type inntekter kan kun benyttast til investeringar.

Bundne fond omfattar avsetningar som kommunestyret ikkje kan disponerer fritt. Det må ligge bindingar på midlane gjennom lov, forskrift eller avtale med gjever for at disse skal kunne avsettast til bundne fond. Kommunestyret kan altså ikkje på eige initiativ opprette bundne fond. Bundne driftsfond omfattar i fyrste rekke overskot på sjølvkosttenester der loven kun tillet kostnadsdekning, og øyremerka driftstilskot inntil midlane fullt ut har blitt benytta til sitt påtenkte formål. Sjølvkostfondets funksjon er å handtere svingningar i inntekter og kostnader, slik at gebyrane kan haldast på eit meir stabilt nivå.